

Arkivnr: 2016/6000-5

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		05.09.2017
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		14.09.2016
Fylkesutvalet		20.09.2017

Høyringsvar Bergen kommune - Melding om fattigdom**Samandrag**

Bergen kommune, Byrådsavdeling for sosial, bolig og inkludering har sendt på høyring «Melding om fattigdom i Bergen – med særlig fokus på barnefamiliers situasjon».

Definisjon på fattigdomsgrense som samsvarar med EU sin definisjon: kor den fattige har levd i meir enn tre år med ei inntekt som er under 60% av medianinntekt. I Noreg er det 85 000 barn som lever i familie med slik inntekt og 4 700 av desse bur i Bergen. Barnebefolkning reknast frå 0-19 år. Dette utgjer 24% av befolkninga i Bergen og ca 7,4% av barnebefolkninga lever under fattigdomsgrensa i Bergen.

Bergen kommune har som lokal styresmakt stor innverknad på innbyggjarane si helse og trivsel. Melding om fattigdom i Bergen foreslår tiltak retta inn mot alle innbyggjarar og rettane til omsorg, tryggleik, verde og deltaking. At kommunen legg breidda i eigne verkemiddel i val av mål og tiltak så tydeleg inn i handlingsplanen, er ein viktig føresetnad for å lukkast godt med gjennomføring av arbeidet. Breidda i innsatsområde knytt til familie, fysisk miljø, barnehagar, skular, bustad, arbeid, fritidsaktivitetar mv er alle viktige i arbeidet med å redusere fattigdom.

Samla sett har Bergen kommune utforma ein handlingsplan mot fattigdom som vil vere nyttig både for fylkeskommunen og andre kommunar i eige arbeid mot fattigdom. Hordaland fylkeskommune har nokre merknader, mellom anna knytt til medverknad frå barn/ungdom som er i denne situasjonen.

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at Bergen kommune har ein handlingsplan mot fattigdom som svarer på aktuelle utfordringar i kommunen.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.08.2016

I brev dagsett 17. juni 2016 har Bergen kommune sendt «Melding om fattigdom i Bergen – med særlig fokus på barnefamiliers situasjon» på offentlig høyring.

Definisjon på fattigdomsgrense som samsvarar med EU sin definisjon: kor den fattige har levd i meir enn tre år med ei inntekt som er under 60% av medianinntekt. I Noreg er det 85 000 barn som lever i familie med slik inntekt og 4 700 av desse bur i Bergen. Barnebefolkninga reknast frå 0-19 år. Dette utgjer 24% av befolkninga i Bergen og omlag 7,4% av barnebefolkninga lever under fattigdomsgrensa i Bergen.

Som lokal styresmakt har Bergen kommune stor innverknad på innbyggjarane si helse og trivsel gjennom val av strategiar, planar og tiltak – og i den ordinære oppgåveproduksjonen. Melding om fattigdom i Bergen foreslår tiltak retta inn mot alle innbyggjarar og rettane til omsorg, tryggleik, verde og deltaking. At kommunen legg breidda i eigne verkemiddel i val av mål og tiltak så tydeleg inn i handlingsplanen, er ein viktig føresetnad for å lukkast med gjennomføring av arbeidet. Breidda i innsatsområde knytt til familie, fysisk miljø, barnehagar, skular, bustad, arbeid, fritidsaktivitetar med meir er alle viktige i arbeidet med å redusere fattigdom. Eit av måla er at alle barn i Bergen skal ha same høve uansett etnisk opphav, religion, økonomisk status eller oppvekstområde.

«Melding om fattigdom i Bergen – med særlig fokus på barnefamiliers situasjon» gir ei god innleiing, men fylkesrådmannen saknar litt meir medverknad og uttale frå barn/ungdom som er i denne situasjonen.

Merknader til tiltaka i handlingsprogrammet/tiltaksliste:

3.3 Bolig

Fysisk utemiljø nær bolig

Det er generelt stort fokus på det formelle og organiserte oppvekstmiljøet for barn, slik som skule, barnehage og fritidsaktivitetar. Det er grunn til også å rette merksemda mot det uformelle og sjølvorganiserte oppvekstmiljøet for barn, der uteområda nær bustad står i ei særstilling for grupper med liten fysisk og økonomisk aksjonsradius. Både i rehabiliteringsprosjekt og i nybygg er god funksjonalitet og kvalitet på dei næraste uteområda eit viktig verkemiddel for å sikre sosial deltaking, fysisk aktivitet og trivsel. Fleire nye undersøkingar har vist at utomhuskvalitetane kan kome i konflikt med fortetting og krav til arealavkastning (Hofstad, Hege (2015): Kompakt byutvikling, Guttu (2008): Fortett med vett).

Sosial polarisering

Knutepunktutvikling medfører stort press på knappe, sentrale arealreservar, noko som gjer bustadprisane i knutepunkta høge. Ein viktig bærebjelke i bærekraftig byutvikling er tilrettelegging for bustadområde med stor breidde i bebuargruppene og utvikling av stabile nabolag, noko som ikkje i tilstrekkelig grad vert teke i vare av den marknadsdrivne byutviklinga. Dette fører både til ei aukande geografisk segregering, der lågtlønsgupper og vanskelegstilte i liten grad har tilgang til bustader i knutepunkt og sentrale område med god infrastruktur og breidde i offentlege og private tenester.

3.4 Oppvekstmiljø – skole, barnehage og fritid

3.4.1 Skole og barnehage

Fylkesrådmannen ønskjer å peike på kor viktig det er å få flest mogleg gjennom eit heilskapleg utdanningsløp – frå barnehage til og med vidaregåande skule. Dette er og Bergen sin

hovudstrategi for å hindre at fattigdom skal gå i arv. For Bergen kommune er det viktig å skape gode barnehagar og skular for alle barn.

Bergen kommune viser til gode tiltak med gratis kjernetid i barnehage og SFO, bruk av TRAS i barnehage og Språkstien som viktige verkemiddel for å få flest mogleg gjennom utdanningsløpet. Gratisprinsippet i skulen står det er viktig å vidareføre, men det manglar tiltak for korleis dette skal handhevast. Det er her den største utfordringa er; barnehagane og skulane i Bergen skal bidra til å gje alle barn dei same sosiale og faglege vilkår uansett bakgrunn.

3.4.2 Idrett

Bergen kommune har gratis bruk av kommunale idrettsanlegg, samt einssilde tilskotsordningar for grupper med særreigne behov. Det er viktig at dette oppretthaldast.

Eit godt oppvekstmiljø er avhengig av gode nærmiljøanlegg. I handlingsprogrammet manglar det plan for opprusting av desse anlegga som ofte ligg i samband med eller i nærleiken av skule eller barnehage.

3.4.4 Fritids- og kulturtiltak

Bergen kommune skal utvikle eit aktivitetkort for barn og unge 0-17 år som er i den aktuelle fattigdomsgruppa. Her er det viktig at brukar ikkje vert stigmatisert. Kan dette vere eit aktivitetkort som alle kan få for ein rimeleg sum, men dei som treng det mest får det gratis – utan at det er fysiske forskjellar på kortet?

Når det gjeld sommarleir, står det i Handlingsplan mot fattigdom at etterspørsel har gått ned dei seinaste åra. Likevel skal sommarleiarane vidareførast i sin heilheit, og det er ønskjeleg at fleire nyttar tilbodet. Men det er ingen plan for korleis Bergen kommune skal få fleire til å delta. Fylkesrådmannen vil peike på behovet for særskild tilrettelegging for barn i låginntektsgruppa.

Kulturfeltet er ein sentral leverandør av tilbod som samlar dei som har fattigdomsutfordringar og integrerer desse i befolkninga. Det er likevel potensiale for utvikling på feltet. Det er ingen konkrete tiltak i Handlingsprogrammet for dette.

3.6 Friviljug

Bergen kommune skal saman med friviljug sektor jobbe for å nå fram til barn og unge frå vanskelegstilte familiar med tilbod om friviljuge aktivitetar. Fylkesrådmannen meiner at det er behov for konkrete tiltak på dette punktet.